

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: Utladalen Naturhus, Utladalen, Årdal
Dato: 21.06.2019
Tidspunkt: 10:00 - 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjarne Eiolf Holø	Fung. leiar	
Sandra Opheim	Medlem	
Leif Solemsli	Medlem	
Kjersti Bjørnstad	Medlem	
Aleksander Øren Heen	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Iselin Vistekleiven	Nestleiar	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Marit Aakre Tennø	Ivar Kvalen	

Merknader

Svein Blankenborg var innkalla som vara for Iselin Vistekleiven, men også han meldte forfall

Møtet vart innleia med synfaring til utsiktspunkt ved Vettisfossen, for å vurdere utbetring av eksisterande installasjon, eventuelt fjerning. Representant for grunneigar deltok på synfaringa.

Etter møtet: Foredrag på Naturhuset v/ Geir Høitomt – Fugleliv i Jotunheimen

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar
Rigmor Solem	SNO

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Bjarne Eiolf Holø (sign.)

Kjersti Bjørnstad (sign.)

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 19/2019	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 20/2019	Referatsaker		
RS	Referat frå vårmøte og årsmelding frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane		2019/4527
ST 21/2019	Delegerte vedtak		
7/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix		2019/10275
8/2019	Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport i samband med synfaring mikrokraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn		2019/12689
9/2019	Tillegg - Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming av Høgruta - Fri Flyt v/Christian Nerdrum		2019/8145
ST 22/2019	Jotunheimen NP - Dispensasjon 2019 - Riving av eksisterende utedo og oppføring av ny utedo ved Fannaråken turisthytte - Snøhetta Oslo AS v/ Anne Cecilie Haug		2019/8199
ST 23/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Utskifting av bru over Veslåe ved Gjendebu- DNT Oslo og Omegn		2019/10841
ST 24/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Byggearbeid og helikoptertransport - Gjertvasshytta - Luster Austre statsallmenning		2019/12830
ST 25/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og opprydding ved Memurubu - Tilbakemelding frå Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Svein		2019/5429
ST 26/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen- Revidert reguleringsplan - Gjendeosen/Reinsvangen - Uttale til 1. gongs ettersyn og høyring		2019/13191
ST 27/2019	Eventuelt		

ST 19/2019 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Innkalling og saksliste godkjent.

Både leiar og nestleiar har varsla forfall, og Bjarne Eiolf Holø vart vald som møteleiar

Det har kome inn eit par saker rett før møtet, med orientering og førebels drøfting under eventuelt.

Kjersti Bjørnstad vart vald til å skrive under protokoll saman med fung. leiar Bjarne Eiolf Holø

ST 20/2019 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Referatsak teke til orientering.

**Referat frå vårmøte og årsmelding frå Villreinnemnda
for Sogn og Fjordane**

2019/4527

ST 21/2019 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Delegerte saker vart tekne til orientering.

- | | |
|---|-------------------|
| 7/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Tillatelse til teltleir vest for Gjende - Stiftelsen Phoenix | 2019/10275 |
| 8/2019 Delegert vedtak - Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport i samband med synfaring mikrokraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn | 2019/12689 |
| 9/2019 Tillegg - Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming av Høgruta - Fri Flyt v/Christian Nerdrum | 2019/8145 |

ST 22/2019 Jotunheimen NP - Dispensasjon 2019 - Riving av eksisterende utedo og oppføring av ny utedo ved Fannaråken turisthytte - Snøhetta Oslo AS v/ Anne Cecilie Haug

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 1.3.b) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon til DNT Oslo og Omegn for oppføring av ny utedo ved Fannaråkhytta, slik bygget er vist i innsendt byggesøknad frå ansvarleg søker og prosjekterande, Snøhetta Oslo AS.

Dispensasjon blir gjeve med følgjande vilkår:

- Detaljert plassering av bygget blir bestemt ved synfaring, der nasjonalparkforvaltar og eventuelt ein representant frå styret representerer nasjonalparkstyret.
- Eksisterande utedo må fjernast innan eit år etter at nybygget er ferdig.
- Det skal setjast opp transportplan for mest mogleg effektiv transport av byggematerialar inn og rivingsmaterialar ut. Forvaltar får fullmakt til å godkjenne motorferdselsøknad/transportplan i medhald av verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 f).

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 23/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Utskifting av bru over Veslåe ved Gjendebu- DNT Oslo og Omegn

Innstilling frå forvaltar

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 c) og d) løyve til oppføring av ny fagverksbru som erstatning for den gamle hengebrua over Veslåe. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru.

Den gamle brua må fjernast så snart den nye er ferdigstilt.

Også gamle fundament bør fjernast, slik det er tilrådd av grunneigar. Forvaltar får fullmakt til å godkjenne ein eventuell motorferdselsøknad for fjerning av dei gamle betongelementa.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Ei funksjonell bru er viktig for trygg ferdsel, og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet når tidsrom for byggearbeidet blir lagt utanom sårbare perioder for fugle- og dyreliv.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

DNT Oslo og Omegn har ved e-post av 20.06.19 sendt justert forslag til fundamentering:

«Både Fjellstyret og Statsskog har uttalt seg positivt til å bytte ut hengebrua med en fagverksbru, men ønsket ikke at betongfundamentene skulle bli stående som isbrytere slik vi søkte om i første omgang. DNT Oslo og Omegn har derfor revurdert planen for fundamentering og beskriver disse her:

For å unngå unødig store inngrep og bruk av tunge anleggsmaskiner, ønsker vi å gjenbruke de eksisterende betongfundamentene slik:

- Det nordligste fundamentet(nærmest Gjendebu) planlegger vi å gjenbruke sånn det står, slik at ny bru og adkomstbru hviler direkte på dette.*
- Det søndre fundamentet(Mot Torfinnsbu): Her planlegger vi å grave ut løsmassene i bakkant av fundamentet(ca 0,5m dypde) slik at man kommer ned til fast og stabil stein. Deretter velte betongfundamentet ned i hullet slik at det hviler direkte på stabil steinmasse. Betongfundamentet vil da stikke opp ca 0,3-0,5m over bakken. For å få tilstrekkelig klaring fra underkant av brua og ned til elva vil vi bygge en plattform ca 0,5m høy som den nye brua kan forankrestil/hvile på og lage en adkomsttrapp ned til terrenget. Fundamentet blir dermed ca 1m høyt. Selv om elva en gang skal komme til å nå fundamentet vil det ikke være igjen mer løsmasse å grave ut fordi det blir liggende på stor stein, vi mener dette derfor bør være en god løsning med god varighet og der vi helt unngår store inngrep samtidig som vi får gjenbrukt betongfundamentene og ikke endrer plasseringen av brua.*

Det søndre fundamentet står støtt, og det virker som at det har gjort det siden brua ble bygget, vi vil derfor som nevnt ikke gjøre noe med dette fundamentet. Likevel er det slik at elveløpet er i endring, noe de vedlagte bildene og geotekniske rapport viser tydelig. Vi ønsker derfor å gjøre noen mindre erosjonssikringstiltak for hånd for å hindre at elva på sikt spiser opp løsmassene rundt og under dette fundamentet. Dette ønsker vi å gjøre ved å forsterke ca 4m av elvebredden med flettverksgabioner som vi fyller med stedlig stein fra elva slik at vi ikke tilfører noe nytt i landskapet. Skulle det vise seg at gabionene er feilplassert eller liknende kan de enkelt tømmes og steinen legges tilbake slik at varige inngrep unngås. Både montering, fylling og eventuell tømning av gabionene er tenkt utført for hånd, muligens med noe bruk av gummibåt som støtte ifm arbeidet. Denne båten kan også brukes til å skyssse over eventuelle fotturister som kommer mens man holder på med bruarbeidet.

Vi trenger en god del mennesker/arbeidskraft for å få gjort dette med enkle midler og må derfor velge tidspunkt for utførelse ut i fra når vi kan få folk til å stille opp. Vi ber derfor om løyve til å utføre arbeidet i tidsrommet juli til oktober 2019.

DNT Oslo og Omegn vil selvsagt sende inn nye nye/mer opplysninger til Lom kommune i etterkant av en uttalelse fra Nasjonalparkstyret slik at byggetiltaket får en skikkelig byggesaksbehandling.»

Vedlegg:

- *Geoteknisk notat fra Geoteknikker Tore Valstad NGI/DNTOOs Brubyggerlaug*
- *Bilder av eksisterende bru og fundamenter*
- *179379: Brev fra Lom kommune ift fundamentering og byggesaken*
- *Skisse av fagverksbru inkludert foreslått fundamenteringsmetode*
- *Forklarende fotoskisse som viser ombruk av søndre betongfundament*

Styret fekk lagt fram dei nye opplysningane og endra innstilling som følgjer av desse i møtet.

Vedtak

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3 c) og d) løyve til oppføring av ny fagverksbru som erstatning for den gamle hengebrua over Veslåe. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru.

Den gamle brua må fjernast så snart den nye er ferdigstilt.

Nasjonalparkstyret sluttar seg til den oppdaterte løysinga for fundamentering som er foreslått i geoteknikknotat frå Tore Valstad, med gjenbruk av betongfundamenta og erosjonssikring med gabbionar fylt med lokal stein frå elvebotnen.

Forvaltar får fullmakt til å godkjenne eventuell motorferdsel i tilknytning til tiltaket. Transporten må sjåast i samanheng med varsla behov for helikoptertransport for erstatning av den gamle brua på ruta mot Langdalen som måtte rivast etter inspeksjon og påvising av råte.

Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008). Ei funksjonell bru er viktig for trygg ferdsel, og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet når tidsrom for byggearbeidet blir lagt utanom sårbare perioder for fugle- og dyreliv.

Løyvet gjeld for utføring i tidsrommet juli-oktober 2019. SNO v/ Rigmor Solem skal varslast om dator for oppstart seinast dagen før.

ST 24/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Byggearbeid og helikoptertransport - Gjertvasshytta - Luster Austre statsallmenning

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret gjev med heimel i § 3 pkt. 1.3 a) løyve til endra takteking på Gjertvasshytta, med torv og lokal stein for å få tyngde og skjerming mot at vinden tek tak i torva. Evt. bruk av nett over torva må avklarast nærare når det gjeld materialval og behov.

Med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) blir det gjeve løyve til bruk av helikopter i juli/august for transport av materialar til nytt tak.

Løyvet gjeld for nødvendig tal turar med helikopter; i utgangspunktet stipulert behov 10 turar. Dersom vertilhøve og samla tyngde gjer det nødvendig å dele opp lasta på fleire turar, kan dette gjerast ut frå sikkerheitsgrunnar.

Transportrute er frå opplastingsplass ved Styggedalen og austover til Gjertvatnet.

SNO v/ Rigmor Solem skal varslast om flygedato(ar) seinast dagen før transport, via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Tiltakshavar har ansvar for innhenting av løyve etter motorferdsellova frå kommunen og eventuell godkjenning frå grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Ny opplysning om type nett på tak, motteke på mail av 21.06.19 frå Aina Elise Stokkenes: «*Fjellstyret ynskjer å nytta eit nett som er av organisk materiale, hamp, eller liknande. Jf. Info om nettet så står det at det skal brytast ned i løpet av 4-5 år.*»

Nasjonalparkstyret finn opplysninga om type nett tilfredsstillande og godkjenner tiltaket.

Vedtak

Nasjonalparkstyret gjev med heimel i § 3 pkt. 1.3 a) løyve til endra takteking på Gjertvasshytta, med torv og lokal stein for å få tyngde og skjerming mot at vinden tek tak i torva. Det kan leggjast nett av organisk materiale over torva for å halde denne på plass til den får sett seg skikkeleg.

Med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) blir det gjeve løyve til bruk av helikopter i juli/august for transport av materialar til nytt tak.

Løyvet gjeld for nødvendig tal turar med helikopter; i utgangspunktet stipulert behov 10 turar. Dersom vertilhøve og samla tyngde gjer det nødvendig å dele opp lasta på fleire turar, kan dette gjerast ut frå sikkerheitsgrunnar.

Transportrute er frå opplastingsplass ved Styggedalen og austover til Gjertvatnet.

SNO v/ Rigmor Solem skal varslast om flygedato(ar) seinast dagen før transport, via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta. Tiltakshavar har ansvar for innhenting av løyve etter motorferdsellova frå kommunen og eventuell godkjenning frå grunneigar.

ST 25/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Behandling av avfall og opprydding ved Memurubu - Tilbakemelding frå Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Svein

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til vedtak i sak 6/2019, og til motteken tilbakemelding frå Memurubu Turisthytte av 18.03.2019.

Nasjonalparkstyret er tilfreds med planlagt opplegg for fjerning av del av utrangert knuseverk, og ber om tilbakemelding når oppdraget er fullført – jf. fristen 1. mai 2020 som er sett for å kunne gjennomføre uttransport på vinterføre. Ein har heller ikkje merknader til at Lecablokker blir tekne vare på for bruk ved planlagt byggearbeid dei næraste par åra, jf. vedtak i sak 6/19. Når det gjeld dei gamle materialhaugane og forbrenningsomnen held nasjonalparkstyret fast ved desse punkta i sitt tidlegare vedtak i sak 6/2019:

- Ubehandla bygningsmateriell (reint og tørt trevirke) kan kappast opp til ved og nyttast saman med bjørk til oppvarming. Fleire av materialhaugane har vore lagra svært lenge allereie, og haugane må derfor gjennomgåast og sorterast slik at alt som ikkje er eigna til ved blir rydda vekk. Fristen for dette blir utsett frå 1. juli til 15. september 2019, slik at alt som ikkje er eigna som ved til oppvarming blir frakta ut saman med det andre som skal uttransporterast ved sesongslutt. Materialkapp eigna til ved må nyttast innan 31.12.2020.
- Det ligg føre eit avslag på søknaden om å bruke omnen til brenning - jf. brev av 23.04.19 frå Fylkesmannen i Innlandet. Utan godkjenning må omnen fjernast innan fristen for opprydding som vart sett til 1. juli 2019, jf. behandling i nasjonalparkstyret sak 39/18.
- I løpet av 2019 må alt som ligg lagra langs austbreidda av Muru ryddast. Utrangerte gjenstandar og materialar fraktast ut innan 1. mai 2020. Det som er godkjent for seinare bruk må samlast og plasserast inntil lagerbygningane, i tråd med tilrådinga vist på illustrasjonen i landskapsanalysen frå 2004.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Som innstillinga. Samrøystes.

ST 26/2019 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen- Revidert reguleringsplan - Gjendeosen/Reinsvangen - Uttale til 1. gongs ettersyn og høyring

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til tidlegare uttale i sak 4/2017, der det m.a. vart påpeikt at det må vera «ei tydeleg kopling mellom serviceanlegget ved brygga og turstigen langs Gjende som går inn i nasjonalparken. Ein må uansett rekne med at folk vil

trekke ned mot vatnet, og ein opparbeidd gangtrase langs stranda med kopling til eksisterande turrute med naturstig langs Gjende bør innarbeidast i planen.»

Det reviderte planforslaget er vist med ein slik gangveg, men servicebygget/terminalbygget er nå trekt så lang ned i vasskanten at det vil hindre fri ferdsel langs vassdraget, sidan stigen på utsida vil stå under vatn ved høg vasstand. Plassering av det nye terminalbygget bør difor justerast, slik at ein sikrar fri passasje på utsida av bygget – også ved høg vasstand. Det bør også tilretteleggast med eit romslegare areal ut mot Gjende for opphald, leik og fising, for å gje ei naturoppleving også til dei som berre er på kort besøk i randsonen til nasjonalparken.

Gjende – med Besseggen som trekkplaster – er den mest nytta innfallsporten til Jotunheimen nasjonalpark, og det er viktig at opplevinga av naturen blir tydeleg kommunisert overfor besøkande til verneområdet. Det arkitektoniske uttrykket bør ikkje overdøye eller svekke opplevinga av naturen, og den tverrstilte plasseringa av nytt servicebygg kan i verste fall framstå meir som eit stengsel enn som ein invitasjon inn mot nasjonalparken.

Det er beklageleg at terrenginngrepet med reinseanlegg sør for Gjende likevel ikkje blir tilbakeført til LNF-område, slik det er vist i gjeldande reguleringsplan frå 2012. Med den valde løysinga i revidert planforslag vil det vera svært viktig at driftinga av reinseanlegget i det veglause området blir utført på ein skånsam måte, slik at det ikkje oppstår nye inngrep som utviding av slamlaguner eller skjemmande køyrespor i eit område som ligg tett opp mot nasjonalparkgrensa. Dette området i randsonen til nasjonalparken har også kulturminne og eit verdifullt kulturmiljø som bør skjermast mot nye inngrep i landskapet.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Som innstillinga, som vart justert ved å stryke to setningar i forkant av behandlinga.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 21.06.2019

Vedtak

Det vart gjeve orientering om aktuelle saker.

A) Informasjon om to saker som kom inn rett før møtet:

Internettilgang for Gjendebu og for Skogadalsbøen

Informasjon om planlagde installasjonar vart gjennomgått og førebels diskutert. Med utgangspunkt i diskusjonen blir skriftlege saker med forslag til vedtak sendt ut for e-postbehandling til dei dagens møtedeltakarar.

Arrangement *Galdhøpiggen 2019*

Arrangementet er utsett frå 1. juni til 10. august, etter at politiet har hatt Skype-møte med dei angående sikkerheit for så mange deltakarar når det er vinterføre og kaldt.

Arrangøren insisterer framleis på at dei ikkje er arrangement, og har ikkje søkt dispensasjon.

Nasjonalparkforvaltar og fjelloppsynet i Lom hadde eit gjensidig informasjonsmøte med politiet i mai. SNO og oppsyn vil vera til stades og dokumentere hendinga, i tråd med råd frå politiet.

Koldedalsvegen

Vang kommune har gjeve innspel til utkast til utvida vern.

Denne saka bør eventuelt takast opp i samband med ein ny verneprosess, når det kan vera ei opning for å revidere verneforskrifta.

Årdal bør prioritere å få til eit møte med grunneigar
Viktig at kommunane Vang og Årdal spelar på lag.

Nasjonalparkkommune

Årdal er i prosess som NP-kommune. Dette er ei profilering, og ikkje noko utvida vern.

Informasjonstavle ved avkjøring mot Eidsbugarden og Jotunheimen

Anleggsområdet er ferdig, og det kan vera aktuelt med nasjonalparkinformasjon retta mot vegfarande.

Synfaring utkikkspunkt til Vettisfossen

– eige referat til styret og grunneigar blir sendt ut. Bør vurdere å involvere DNT i prosjektet.